



**Plan for idrettsanlegg,  
nærmiljøanlegg,  
friluftsliv og kulturbygg**

**2023-2024**

## INNLEIING

Austevoll kommune har som ambisjon å vera ein god kommune å bu i. Me ynskjer å stimulera til aktive innbyggjarar som brukar naturen og anlegga våre for å fremme god folkehelse og trivnad. Austevoll er heldig som har ein storslått natur med mange rekreasjonsmoglegheiter. Ein kan nytta både skjergarden, turstiane og ikkje minst dei flotte idrettsanlegga i kommunen. Austevoll kommune ser på dette som viktig for å sikre stadig auke i folketalet og for ei framleis positiv utvikling av Austevoll-samfunnet.

Austevoll har kultur for stor skaparkraft og mykje kreativitet. Idrettsbygg kjem på plass gjennom slik kreativitet i grensesnittet mellom det offentlege, næringslivet og idrettslaga. For å fanga nye behov, planar og initiativ rullerer Austevoll kommune sin plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv kvart år.

### Forankring i andre planar

#### **A: Plan for Idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordaland 2016-2020**

Austevoll kommune er ein del av Samarbeidsrådet for Sunnhordaland og er med på den regionale planen som rådet har utarbeida og vedtatt. Bakgrunnen for den planen var eit ynskje om at kommunane i regionen i større grad kunne samarbeide om defineringa av regionale anlegg, planlegging av nye regionale anlegg og om utviklinga av dei anlegg som vert definert som regionale, slik at ein gjennom samarbeid og felles forståing kan utvikla eit godt utbygd tilbod innan idrett, friluftsliv og kultur.

#### **B: Kommuneplan Austevoll 2013-2023:**

Austevoll kommune har dei siste åra arbeidd aktivt innan folkehelse, og søker stadig å samordne tiltaka og ressursane. Dette blir også gjort gjennom deltaking i nettverka som er etablert i Vestland fylke, og Austevoll vil ha eit stort fokus på verdien av å ha sunne og friske innbyggjarar.

I Austevoll kommune er det i dag eit rikt og godt tilbod for menneske i alle aldersgrupper. Sykkeltrening, bordtennis, badminton, turgrupper, padlegruppe, friidrett, symjing og fotball er nokre av tilboda ein kan ta del i. Det er stadig auka trafikk i turløypene og parkeringsplassen både i Åno og ved Vinnesvatnet står sjeldan tom. Austevoll er eit aktivt samfunn med tilbod til mange innanfor sommar- og vinteraktivitetar. Det er mange frivillige

lag i kommunen som bidrar til å halde aktivitetstilboda i gong året gjennom. Det er eit satsingsområde for Austevoll kommune å vere med på å oppretthalde og stimulere til aktivitet ute i dei ulike laga våre.

Tiltak som kommunen satsar på er å leggje til rette for fleire friluftsområde gjennom statleg sikring og tilrettelegging, sikre eigna turstiar og turområde for allmenn bruk, arbeide aktivt for å setje i stand turløyper og å utvikle nye og søkje etter eksterne midlar for ulike helsetiltak.

### ***C: Regional plan for folkehelse – Hordaland fylkeskommune***

I Hordaland fylkeskommunes (HFK) plan for folkehelse blir det framheva at kommunane er viktige aktørar i folkehelsearbeidet. HFK framhevar behovet for gode lokalsamfunn med moglegheit for fysiske- og sosiale aktivitetar som gjer grunnlag for meistring, tilhøyrse og identitet. Universell utforming, informasjon og merking gjer fleire friluftsområde og stadar tilgjengeleg for alle, og stimulerer til både aktivitet og kvile.

Austevoll har eit godt etablert idrettsmiljø i kommunen og utviklinga av nærmiljø og friluftslivstilbod har hatt stort fokus i kommunen dei siste åra. Kombinasjonen av desse kan vere med på å nå HFK sitt hovudmål; *Fleire gode leveår for alle.*

I kommunestyret 19. desember 2019 i sak 19/1264 blei oppstart for plan for friluftslivets ferdelsårer vedtatt. Plan for friluftslivets ferdelsårer har som hensikt å kartlegga eksisterande turløyper og avdekka behov for nye løyper. Eit av måla i planen er at alle skal ha maksimalt 500 meter til nærmaste turløype noko som er i tråd med *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv.*

Det er sett som mål at dette arbeidet skal vera ferdig innan desember 2022, og denne planen vil laga eit handlingsprogram for friluftsliv i revidert idrettsplan. I arbeidet med planen vil det bli lagt opp til innspelsmøter kor alle i kommunen kan komma med innspel på kor dei ynskjer, og kor det er mest hensiktsmessig å lage nye løyper.

Frå før har me i Austevoll to universelt utforma løyper – Vinnesvatnet og Skansen. Det vert også i desse dagar planlagt, som skildra i tabellen for framtidige prosjekt, å lage ei universelt utforma turløype kring Trettlivatnet på Storebø. Utover dette har ikkje kommunen kjennskap til fleire planlagde trasear som er universelt utforma. I prosjektet plan for friluftslivets ferdselsårer vil det komma fram fleire forslag til andre og nye universelt utforma turløyper.

## OVERORDNA MÅL FOR AUSTEVOLL KOMMUNE

Eit av fleire overordna mål er at Austevoll kommune skal vere ein attraktiv bustadkommune, med gode oppvekstvilkår og eit rikt kultur- og aktivitetstilbod, som er inkluderande for alle.

### Kva har skjedd i 2021/2022?

Våren 2021 blei dagsturhytta Adlesi offisielt opna. Våren 2022 blei rehabiliteringa av ballbingen på Bakkasundet avslutta, der er det skifta dekke og belysning. Sommaren 2022 blei det opning av rehabilitert løpebane og lyshare kjem på plass til hausten. Kongsen kultursal er offisielt opna og tatt i bruk. Arbeidet med sherpatrappa er godt i gang og ein stor del av traseen er ferdig.

Andre prosjekt som er under arbeid i 2022 er klubbhus og pumptrack ved Hundvåkøy idrettsanlegg, Storhall på Austevoll idrettsanlegg, pumptrack og 3ar banar på Selbjørn idrettsanlegg, og turveg til Pollen.

Ferdigbygde anlegg eller anlegg under arbeid som me må gjenta søknaden for er:

- Kunstgrasbanen på Selbjørn idrettsanlegg
- Austevollbadet – opplæringsbasseng
- Klubbhuset ved Austevoll idrettsanlegg
- Grindabygget i Kolbeinsvik
- Dagsturhytta på Loddo
- Tennisbana ved Selbjørn idrettsanlegg
- Nytt banedekke i Austevollshallen
- Padlebu på Skårøya

Lag og organisasjonar må merka seg at i dei i planlegginga av nye anlegg må leggja ved finansieringsplan, og plan for drift og vedlikehald, samt behovsanalyse. Finansieringsplanen må innehalde mellomfinansiering, frå ein får vedtak om spelemidlar, fram til utbetaling.

## Økonomi

Totalt søknadsbeløp for Austevoll kommune i 2022 var 7 412 000 kr.

Totalt søknadsbeløp for 2023 er estimert til ca. 5 979 000.

I tillegg til spelemiddelordninga kan anlegg finansierast gjennom andre tilskotsordningar, private gåver og dugnadsverdi.

Anlegga som er skildra i tabellen for framtidige prosjekt er grovt rekna til å potensielt kunna henta ut om lag 15 000 000 kr i spelemidlar.

### Handtering av mikrogranulat ved idrettsanlegga

I dag er det vanleg å nytta mikrogranulat på fotballbaner. Det er estimert at om lag 3000 tonn mikrogranulat forsvinn frå fotballbaner og ut i naturen.

I Austevoll har me 5 kunstgrasbaner som inneheld mikrogranulat. Desse er 11-banen ved Selbjørn idrettsanlegg, 11-banen og Rasmussbana ved Austevoll idrettsanlegg, 11-banen ved friidrettsanlegget ved Austevoll idrettsanlegg og 11-banen ved Hundvåkøy idrettsanlegg. Det er Austevoll kommune som eig alle desse banane.

I samsvar med føresegna for spelemidlar kan kunstgrasdekke rehabiliterast 10 år etter førre oppgradering. Banen ved Selbjørn idrettsanlegg kan først søkja om nye spelemidlar i 2028, og banane ved Austevoll idrettsanlegg kan få nye midlar i 2025 og 2026. Banen på Hundvåkøy kunne fått spelemidlar i 2018 og byrjar å bli moden for oppgradering.

Kommunen vil i samråd med idrettslaga utarbeida ein plan for handtering av mikrogranulat ved og på fotballbanene i løpet av 2022/23.





## Spelemidler og prioritering 2022

### Anlegg er prioriterte ut i frå fylgjande kriteria:

1. Når anlegga var/er ferdig.
2. Tiltak som førar til aktivitetar som ein antar er av ålmenn interesse.

Ein føresetnad ved innsending av søknad om spelemidler er at søknaden er fullstendig, med tilhøyrande dokumentasjon.

### Ordinære anlegg

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
1	Austevoll symjehall opplæringsbasseng	Storebø	11 000	Austevoll kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Opplæringsbasseng som held om lag 30 grader. Bassenget nyttas til rehabilitering, symjetrening, opplæring og kurs. Tildelt 2 000 000 i 2022. <b>Søknadsbeløp:</b> 4 000 000 <b>Status:</b> Ferdig <b>Søknadsår:</b> 8				
2	Grindabygg	Kolbeinsvik	270	Kolbeinsvik vel
<b>Skildring av prosjektet:</b> Grindabygg for samlingsstunder ute. <b>Søknadsbeløp:</b> 91 000 <b>Status:</b> Ferdig <b>Søknadsår:</b> 4				
3	Dagsturhytte	Loddo	800	Austevoll kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Dagsturhytte etter dagsturhytteordninga frå Sogn og fjordane. Teikna av Rojo arkitekter og kjem med peis og solcellepanel. <b>Søknadsbeløp:</b> 333 000 <b>Status:</b> Ferdig <b>Søknadsår:</b> 3				
4	Rehabilitering av kunstgras ved Selbjørn idrettsanlegg	Selbjørn idrettsanlegg	2626	Austevoll kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Rehabilitering i 2018. <b>Søknadsbeløp:</b> 1 000 000 <b>Status:</b> Ferdig <b>Søknadsår:</b> 6				
5	Oppussing av klubbhus	Austevoll idrettsanlegg	552	Austevoll idrettsklubb

**Skildring av prosjektet:** ombygging og utbetring av klubbhus.  
**Søknadsbeløp:** 218 000  
**Status:** Ferdig  
**Søknadsår:** 5



6	Rehabilitering av tennisbana på Selbjørn	Selbjørn idrettsanlegg	537	Austevoll kommune
---	--	------------------------	-----	-------------------

**Skildring av prosjektet:** Oppgradering av tennisanlegg.  
**Søknadsbeløp:** 217 000  
**Status:** Ferdig  
**Søknadsår:** 4



7	Rehabilitering av golv i Austevollshallen	Austevolls-hallen	1600	Austevoll kommune
---	---	-------------------	------	-------------------

**Skildring av prosjektet:** Nytt banedekke i hallen.  
**Søknadsbeløp:** 500 000  
**Status:** Ferdig  
**Søknadsår:** 3



8	Lyshare friidrettsbana	Austevoll idrettsanlegg	580	Austevoll kommune
---	------------------------	-------------------------	-----	-------------------

**Skildring av prosjektet:** Montering av lyshare på løpebana ved Austevoll idrettsanlegg  
**Søknadsbeløp:** 242 000  
**Status:** Ferdig (hausten 2022)  
**Søknadsår:** 1

9	Padlebu – Dagsturhytte	Skårasundet	1395	BOF
---	------------------------	-------------	------	-----

**Skildring av prosjektet:** Bygging av Padlebua som er utforma som ei dagsturhytte med eit stort opphaldsrom, med vedomn. Kabinen skal vere eit utfartsmål med åtkomst frå sjø med robåt, i kajakk, eller med seil.  
**Søknadsbeløp:** 465 000  
**Status:** Planlagt  
**Søknadsår:** 2

## Nærmiljøanlegg

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
1	Sandvolleyballbane	Hundvåkøy idrettsanlegg	345	Hundvåkøy idrettslag
<b>Skildring av prosjektet:</b> Bygging av sandvolleyballbane <b>Søknadsbeløp:</b> 170 000 <b>Status:</b> Ferdig <b>Søknadsår:</b> 1				
2	Turløype Pollen	Hundvåkøy	480	Austevoll kommune
<b>Skildring av prosjektet:</b> Opparbeiding og utbetring av eksisterande sti, til turveg. <b>Søknadsbeløp:</b> 200 000 <b>Status:</b> Planlagt <b>Søknadsår:</b> 1				
3	Padeltennisbane	Stolmen	485	Stolmen vel
<b>Skildring av prosjektet:</b> Bygging av padeltennisbane ved Stolmen skule. <b>Søknadsbeløp:</b> 297 000 <b>Status:</b> Planlagt <b>Søknadsår:</b> 1				

## Framtidige prosjekt


Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
Ordinære anlegg			
Storhall	Austevoll idrettsanlegg	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune/ Austevoll idrettsklubb
Utviding av klatrevegg	Austevollshallen	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll idrettsklubb
Rehabilitering av buldrerom	Austevollshallen	500	Austevoll idrettsklubb
Lager i Austevollshallen	Austevollshallen	2500	Austevoll idrettsklubb
Klubbhus	Hundvåkøy idrettsanlegg		Austevoll kommune
Nærmiljøanlegg			
Sykelbane (pumptrack)	Selbjørn idrettsanlegg	2300	Selbjørn idrettslag
Sykelbane (pumptrack)	Hundvåkøy idrettsanlegg	2300	Hundvåkøy barn og ungdomslag
Trearbane	Selbjørn idrettsanlegg	900	Selbjørn idrettslag
Friluftsparken	Austevoll ungdomsskule	4000-5000	Austevoll kommune
Tuftepark	Austevoll idrettsanlegg	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll idrettsklubb
Fotballbane	Melingsåsen	200	Melingsåsen vel
Friluftslivanlegg			
Turløype kring Trettlivatnet	Trettlivatnet	Ikkje kostnadsrekna	Storebø vel



Turløype kring Fagerbakkevatnet	Fagerbakkevatnet	Ikkje kostnadsrekna	Fagerbakke velforeining
Turløype frå Kolbeinsvik til Selbjørnsbrua	Kolbeinsvik	10 000	Kolbeinsvik vel
Joggeløype	Austevoll idrettsanlegg	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll idrettsklubb
Klubbhus på Sveholmen	Sveholmen	400	Havstril padleklubb
Lysanlegg Åna - Adlesi	Loddo	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll turlag
Gapahuk	Kongskleiva	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll helselag

## Kulturbygg

Gjennom spelemiddelordninga kan ein også søkja om midlar til lokale kulturarena. Denne ordninga blir ikkje handsama med den ordinære ordninga for spelemidlar og har andre føresegn for tildeling. Ordninga har lokal søknadsfrist 15. februar og sentral søknadsfrist 30. april.

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
1	Selbjørn skule og fleirbruksanlegg – kulturdel	Selbjørn	3421	Austevoll kommune
Skildring av prosjektet: utbetring av kulturdel på Selbjørn skule Søknadsbeløp: 1 141 000 Status: Planlagt Søknadsår: 3				

## Eksisterande kulturanlegg

Namn på anlegget	Stad	Eigar	Type anlegg
Kongsen kultursal	Bekkjarvik (Selbjørn skule)	Austevoll kommune	Gulv-scene med fast amfi (293 sitteplassar)  Full teknikk; fastmontert lyd og lys fullførast i 2023.
Kongsen Scene 2	Bekkjarvik (Selbjørn skule)	Austevoll kommune	Scene med fast amfi (50sitteplassar)
Kongsen Studio	Bekkjarvik (Selbjørn skule)	Austevoll kommune	Øvingslokale (1,2,3 og 4) + Lydstudio
Studio Austevoll	Storebø skule	Austevoll kommune	Øvingslokale + digitalt musikkverkstad
Løo	Bekkjarvik	Halstensen eiendomsselskap AS	Konsert og selskap
Bekkjarvik nothengje (Hengjo)	Bekkjarvik	Halstensen eiendomsselskap AS	Kulturminne, museum, konsert og selskap
Galleri Bekkjarvik	Bekkjarvik	Halstensen eiendomsselskap AS	Kunstutstilling, kunstsal
Austevoll folkebibliotek	Bekkjarvik	Austevoll kommune	Bibliotek og formidlingsarena
Kolbeinsvik kultursal	Kolbeinsvik	Kolbeinsvik vel	Konsert, øvingsal
Grendahuset Øytun	Bakkasund	Grendahus Øytun AL	Grendahus med scene

Hundvåkøy samfunnshus	Hundvåkøy	Hundvåkøy samfunnshus AS	Grendahus med scene
Haukanes skulehus	Haukanes	Haukanes og Bjelland grendalag	Bygdahus
Vinnes skuleshus	Vinnes	Vinnes velforeining	Grendahus, scene
Stolmen skulehus	Stolmen	Stolmen vel	Grendahus, scene
Kulturbadet	Austevoll ungdomsskule	Austevoll kommune	Skulens musikkrom med gulv-scene og fast amfi
Drøna skule	Drøna	Drøna og Røstøy bygdautval	Bygdahus scene